

2025

Årsmelding Jæren turlag 2025



Jæren Turlag

Anne Reidun Garpestad - styreleiar

01.01.2025

Årsmelding 2025

Jæren turlag består av medlemmar i Stavanger Turistforening (STF) frå kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Melder du deg inn i STF, og bur i ein av desse fire kommunane, vert du automatisk medlem i Jæren turlag. Turlaget har 3545 medlemmar i 2025. I 2024 var talet 3404, ein auke på 141.

Styret i 2025

Årsmøtet vart gjennomført 13. februar 2025 på Time Bibliotek. Det var 27 personar som deltok.

Styret i 2025 har bestått av:

Styreleiar: Anne Reidun Garpestad

Nestleiar: Anne Grete Madland Tjemsland. Sekretær: Margreta Hauge Clementsen. Kasserer: Nadine Friese. Leiar Barnas Turlag Jæren: Einar Jordebrekk. Styremedlemmar: Alf Kåre Sirevåg og Gry Veronika Line, Varamedlemmar: Marianne Undheim og Inger Johanne Jaarvik Rørheim.

Valkomiteen har bestått av Kjellaug Egeland og Gry Veronika Line.

Styret har hatt 10 styremøte.

Styret hadde strategisamling på Eigerøy Fyr turisthytte i oktober.

Jæren turlag har delteke i eit nettverk for ulike friluftsansjasjonar i Gjesdal kommune. Turlaget har delteke med 3 personar. Det har vore eit møte i 2025.

Administrasjonen i Stavanger Turistforening arrangerte samling for alle turlaga i januar. Jæren turlag deltok med 3 personar frå styret.

Samarbeid med andre

I 2025 har turlaget starta eit samarbeid med turgruppa 60+ i Stavanger Turistforening. Samarbeidet gjeld Høgt og Lågt-turane. Barnas turlag har starta samarbeid med Dalane turlag. Samarbeidet skal gjera turtilbodet meir robust og variert.

Turlaget har sidan 2022 hatt samarbeid med frivilligsentralane i Klepp, Time og Gjesdal, og Jæren Friluftsråd.

Dette samarbeidet førte til at Jæren turlag, saman med Time og Klepp Frivilligsentral og Jæren Friluftsråd søkte om midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank for å legge til rette for friluftsliv og aktivitet for flyktningar i desse kommunane. Søknaden vart innvilga både i 2024 og 2025. Midla skal først og fremst brukast til transport, sidan det er lite kollektivtransport til turområda på Jæren.

Samarbeidsprosjektet har vore ein suksess. Det vart difor søkt om nye midlar og prosjektet fekk innvilga kr 200 000 til vidareføring i 2026.

Jæren turlag sitt bidrag i prosjektet i 2025 har vore:

- 3 turar: Fisketjørnbu, Oga og Melsvatnet
- 3 opne arrangement, to Kom-deg-ut-dagar og ein nissetur.



Frå turen til Oga



Bålkos ved Fisketjørnbu

Turar

Jæren turlag har fem ulike turgrupper/turalternativ:

- Nærturar
- Barnas Turlag Jæren
- Høgt og Lågt
- Fjellturar
- Friluftsvenn Melsvatnet for alle

Nærturar

I lag med jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har Jæren turlag merka 26 turløyper rundt tettstadane i desse fire kommunane. I 2025 har turlaget gjennomført 25 turar med totalt 404 deltakarar. Turane går både på dei merka nærturane, men og på nærturar som ikkje er merka.



Nærtur til Borestranda



Nærtur til Flassavatnet

Barnas Turlag Jæren

Det har vore gjennomført 5 turar og arrangement. Overnattingsturen til Grautheller og nisseturen til dagsturhytta Frøya var populære.

Turlaget arrangerte Kom-deg-ut-dagen i februar ved Melsvatnet. Dette var starten på Friluftsåret 2025, og arrangementet vart kalla «Hele Norge bålet». Kom-deg-ut-dagen i september var i Sandtangen på Bryne. Begge arrangement hadde god deltaking. Til arrangementet ved Melsvatnet var det sett opp buss frå Bryne og Klepp i samarbeid med frivilligsentralane, slik at arrangementet skulle vera lettare tilgjengeleg for alle. Dette var eit positivt tiltak og førte til mange nye deltakarar.



Nisseturen i desember samla om lag 80 små og store. Magisk stemning ved Frøya, med bål, gløgg og varme bålpanner. Små og store kosa seg. Det var felles tur til Frøya frå både Sandtangen og Klepp stasjon.

Høgt og lågt

Det er gjennomført 9 turar med til saman 202 deltakarar. Det har vore turar både i Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Bjerkreim kommunar. I 2025 har turgruppa starta eit samarbeid med 60+ i Stavanger Turistforening. Det blir fortsatt 9 turar med turgruppa i 2026. Jæren turlag har ansvar for 4 turar og 60+ har ansvar for 5.



Frå turen til Storrsheia og Vardafjell.

Fjellturar

Det er gjennomført 4 turar med til saman 42 deltakarar.



Daurmålsknuten

52 -søndagsturer

Stavanger Turistforening har i 2025 gjennomført ein søndagstur kvar søndag gjennom heile året. Turlaga har vore involvert i val av turar og stilt med lokale turleiarar. 12 av turane har gått i Jæren turlag sine medlemskommunar, og turlaget sine turleiarar har hatt ansvar for 10 av turane.

Friluftsvenn Melsvatnet for alle

Dette starta som eit prosjekt i 2025, eit samarbeid mellom Jæren turlag, Time Frivilligsentral og Jæren Friluftsråd. Ein tirsdag i månaden har det vore tur rundt Melsvatnet eller i Hadlandskogen. Etter turen er det samling med kaffe og nistepakke rundt bålet ved dagsturhytta Melsbu. Det har blitt gjennomført 12 turar med til saman 300 personar. Prosjektet vert vidareført i 2026.



Jæren turlag har i 2025 gjennomført 55 turar og arrangement med totalt 2025 deltakarar. Ein tur har blitt avlyst. Turlaget har trykt opp turprogram i 2025.

Dagsturhyttene

Jæren turlag har avtale med Hå, Klepp og Time kommune om reinhald og tilsyn med dagsturhyttene. Turlaget har etablert tre fadderlag som har ansvar for kvar si dagsturhytte. Det er til saman 34 personar som deltek. I tillegg har me på Frøya med oss ei gruppe elevar frå Bryne vidaregåande skule.

Frivilligtreff

I 2025 arrangerte turlaget for første gong treff for alle frivillige. God mat, drøs og info om aktivitetar i turlaget stod på agendaen. Om lag 30 av våre frivillige deltok. Det vert nytt treff i 2026



Oppgradering i Madlandsheia

Det er sommaren 2025 gjennomført merking av stiar i Madland. Desse stiane var opprinneleg merka på byrjinga av 2000-talet av Stavanger Turistforening. Nå er det Jæren turlag som har ansvar for merkinga. Det er 11 personar som bidreg til merking i Madlandsheia og dei har utført tilsaman 109 dugnadstimar og fleire mil med stiar er merka.

I samband med merkinga såg ein og behov for nye klopper over våte parti og 2 bruer . I 2025 er det sett opp to nye bruer. Den eine brua er ved dagsturhytta Fisketjørnbu og den andre ved Tverråna i Gloppedalen.

Stor takk til dugnadsgruppa i Sandnes turlag og andre frivillige som var med og gjorde jobben.



Stor takk til Gjesdal kommune og Sparebanken Sør, som har gitt økonomisk støtte til nye skilt, klopper og bruer.

Det har vore gjennomgang av merkinga på alle nærturar i Klepp og Time. Turlaget har bidratt med merking av turløyper i Time, i samband med Ti turar i Time.

Naustet på Reime

I samarbeid med Hå kommune, Stavanger Turistforening og grunneigar har Jæren turlag i fleire år planlagt å få sett i stand eit naust på Reime. Dette prosjektet passer inn i Stavanger Turistforening si satsing på nærfriluftsliv og turar langs kysten. Naustet ligg langs Kongevegen og kan passe fint som ein plass å eta nista si under tak. Det er skrive kontrakt med grunneigar, og Stavanger Turistforening har kjøpt naustet. Hå kommune, Rogaland

fylkeskommune og Stavanger turistforening bidrog med midler til sikring av naustet i desember 2024.

I 2025 har me engasjert arkitekt og det er laga eit skisseprosjekt av korleis naustet kan rehabiliterast. Det er tett kontakt med kulturvern i Hå kommune og Rogaland fylkeskommune. Det er planlagt å senda byggesøknad til Hå kommune i 2026.



Anna dugnadsarbeid

Frivillige i Jæren turlag deltok på stand i Byparken, i samband med landsmøte i Den Norske Turistforening i Stavanger i juni.

Turlaget har vore tydeleg på sitt standpunkt i høve planar om Moifjellet vindkraftverk. Vi har hatt leserinnlegg i lokalavis med tittel «Det er meir enn nok vindmøller nå». Vi har vore med på reportasje i Jærbladet frå turområdet som vert sterkt berørt ved utbygging. Turlaget har og vore med på synfaring saman med NRK, Statkraft og Stavanger Turistforening og snakka om konsekvensane for natur, friluftsliv, uberørt natur og fugleliv.

Turlaget deltok på ordførar i Time sin sin tur ved Melsvatnet, som var samstundes med opninga av gapahukane ved Melsvatnet. Dette skjedde i friluftlivets veke i september. Turlaget hadde stand på konferansen «Små steg» og innlegg på møte i Internasjonal gruppe i Klepp Frivilligsentral.

Kurs

Jæren turlag har, i samarbeid med Stavanger Turistforening, arrangert 4 timars førstehjelpskurs med 15 deltakarar.

Konklusjon

Talet på dugnadstimar som er utført i 2025 er 2849 timar. Jæren turlag vil takka alle frivillige som er med som turleiarar, frivillige på arrangement, merking av turar, fadderlaga for dagsturhyttene og andre små og store oppgåver i turlaget. Turlaget har eit godt samarbeid med administrasjonen i Stavanger Turistforening. Tilsette her støtter godt opp om arbeidet i turlaget.

Bilete i Årsmelding 2025 er teke av Ragnar Egeland, Anne Grete Madland Tjemsland, Einar Jordebrekk, Margreta Hauge Clementsen og Anne Reidun Garpestad.

Lye, 18. februar 2026

Anne Reidun Garpestad – styreleiar Jæren turlag